



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 25.11.2015  
**Tidspunkt:** 14:00 – 18:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Bright Olav Gåsdal	Leiar	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Tandstad	Nestleiar	SP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Evelyn Frøland	Anne Tandstad	BL

**Merknader**

Presentasjon av kontrollutvalet, ordførar, revisjon og sekretariat i starten av møtet, samt kort innføring i roller, ansvar og oppgåver for utvalet.

**Andre som møtte:**

Navn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar – deltok i heile møtet
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor frå Deloitte – deltok i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – heile møtet

Bright Olav Gåsdal  
utvalsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 34/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 35/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 36/15	Gjennomgang evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2011 - 2015		2015/91
PS 37/15	Informasjon for kontrollutvalet i starten av valperioden		2015/91
PS 38/15	Rutinar for kontrollutvalet		2015/91
PS 39/15	Teieplikt for kontrollutvalet		2015/91
PS 40/15	Korleis melde avbud til møter i kontrollutvalet		2015/91
PS 41/15	Klage på sakshandsaming i Samnanger kommune - ny handsaming		2015/39
PS 42/15	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020. Bestilling av prosjektplan.		2015/131
PS 43/15	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan		2015/65
PS 44/15	Referatsaker		
RS 17/15	Melding om politisk vedtak - Val av kontrollutval 2015 - 2019		2015/91
RS 18/15	Vedtak i kommunestyret vedr. Interkommunalt barnevern		2014/330
RS 19/15	Vedtak i kommunestyret vedr. Rapport etter forvaltningsrevisjon om internkontroll		2014/226
RS 20/15	Rapport frå tilsyn med NAV Samnanger kommune 2015		2015/135
RS 21/15	Invitasjon frå KPMG til kurs for nye kontrollutval		2015/42
RS 22/15	Invitasjon til kurs - Kontrollutvalet kva og korleis		2015/42
PS 45/15	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske fora		2015/133
PS 46/15	Eventuelt		

## **PS 34/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Innkalling til dette møtet er sendt ut både elektronisk og på papir. Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 35/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Møteprotokoll frå siste møte i kontrollutvalet for perioden 2011 – 2015, med møtedato 16.09.15, var sendt ut saman med innkallinga. Møteprotokollen vart gjennomgått og kommentert. Det kom ingen merknader til møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 16.09.15.

#### **Vedtak:**

Protokoll frå møte 16.09.15 vart teke til orientering.

## **PS 36/15 Gjennomgang evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2011 - 2015**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har særleg merka seg desse tilrådingane frå utvalet i førre periode.
  - a) .....
  - b) .....
  - c) .....
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Evalueringsskjemaet vart gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet peika på dei tilrådingane ein ville vidareføra, og ber sekretariatet planlegga dette vidare. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet har særleg merka seg desse tilrådingane frå utvalet i førre periode.
  - d) Viktig med god opplæring, gjerne spreidd utover året. Opplæring i forståing av roller, oppgåver og ansvar for KUV, både for KUV og KST.
  - e) Ønskjer å vidareføra at nokre møter vert planlagt utanfor kommunehuset.
  - f) Kontrollutvalet ønsjer å delta på folkevaldopplæring saman med kommunestyret.
  - g) Vil at det vert førebudd sak om korleis kontrollutvalet kan synleggjerast betre på heimesida til kommunen.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

## **PS 37/15 Informasjon for kontrollutvalet i starten av valperioden**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015

### Handsaming i møtet:

Følgjande dokument vart gjennomgått og kommentert:

- Budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeid 2016
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2014
- Revidert plan for forvaltningsrevisjon
- Revidert plan for selskapskontroll

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

## PS 38/15 Rutinar for kontrollutvalet

### Forslag til vedtak

1. .... får abonnement på Kommunerevisoren og / eller KommunalRapport.
2. .... kan vil delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 03. – 04.02.16.
3. Møtedato for første møte i 2016 vert sett til .....
4. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
5. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015

### Handsaming i møtet:

- Reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune vart kort gjennomgått og kommentert. Reglementet bør gjennomgåast meir grundig på eit seinare møte.
- Abonnerer på Kommunerevisoren til utval sleiar. Ingen abonnement på KommunalRapport.
- 4 av medlemmane er påmeldt på folkevaldopplæring for kontrollutval på Solstrand i februar.
- Det er ikkje aktuelt at nokon deltek på NKRF-konferanse i februar 2016.
- Møtedato for dei to første møter i 2016 vart fastsett.
- Det er semje om at det skal vera utval sleiar som uttaler seg til media på utvalet sine vegne
- Kontrollutvalet ønsker opplæring i bruk av iPad / lesebrett, og ber om at det vert rutine for å få varsel på SMS når innkallingar / meldingar til utvalet vert sendt ut frå sekretariatet og evt. kommunen. Det er ønske om eiga orienteringssak om dette på eit av dei neste møta. I slik sak bør utvalet og få gjennomgang korleis info på heimesida til kommunen kan nyttast i utvalet sitt arbeid. Sekretariatet førebur slik orienteringssak.

Det vart fatta samrøystes vedtak.

### Vedtak:

1. Gjennomgang av reglement for kontrollutvalet vert teke opp på nytt i eit seinare møte.
2. Ingen deltek på NKRF-konferanse på Gardermoen 03. – 04.02.16.
3. 4 medlemmer frå kontrollutvalet skal delta på folkevaldopplæring for kontrollutval i februar.
4. Møtedato for første møte i 2016 vert 16.02.16 og 23.02.16
5. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
6. Det vert førebudd orienteringssak om bruk av iPad og info på heimesida til kommunen.
7. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

## PS 39/15 Teieplikt for kontrollutvalet

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Regelverket for teieplikt vart gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

## **PS 40/15 Korleis melde avbud til møter i kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbud til møta i utvalet.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk rutinane for korleis ein skal melde avbud til møter. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbud til møta i utvalet.

## **PS 41/15 Klage på sakshandsaming i Samnanger kommune - ny handsaming**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk dokumenta som ligg føre og drøfta saka. Etter drøfting var det semje om at kontrollutvalet finn at dette ikkje er ei sak som utvalet vil prioritera å gjera noko med vidare.

Grunngeving for dette er at det ikkje ligg til oppgåvene til kontrollutvalet å ta stilling til dei påstandar og krav som er sett fram i skriv av 11.11.15 frå Jan Ove Haga. Det ligg heller ikkje til kontrollutvalet å vera klageorgan for saker som ikkje vert løyst når krav vert sett fram ovanfor kommunen. Kontrollutvalet sitt mandat er mellom anna å sjå til at regelverk og rutinar vert ivareteke på generelt grunnlag.

I grunngevinga for si avgjerd vil kontrollutvalet vidare peika på oppsummeringa i memo frå Deloitte datert 22.06.15.:

*«Kommunen har ingen skriftlege eller formaliserte rutinar for handsaming av denne type saker, men det blir opplyst at den normale prosessen i slike saker er at innkomen melding blir registrert, og at meldinga blir vurdert. Det blir deretter gjennomført eventuell synfaring og vurdering av forholda på staden. På grunnlag av vurderinga blir det eventuelt sendt pålegg til grunneigar eller ansvarleg, og det blir gjeve tilbakemelding til meldar. Ut ifrå tilgjengeleg dokumentasjon og opplysningar frå kommunen er denne prosessen, med unnatak av at den telefoniske kontakten i byrjinga av oktober 2014 og dei to etterfølgjande synfaringane ikkje vart registrert, følgt også i dette tilfelle. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for dei påstandane i klagen som er sendt kontrollutvalet, og som gjeld sakshandsaminga i kommunen.»*

Kontrollutvalet uttalte i si grunngeving vidare at dei vil prioritera å følgja opp arbeid med å få på plass rutinar når det gjeld handsaming av liknande saker i kommunen.

Denne konkrete saka vil kontrollutvalet ikkje prioritera å gjera meir med. Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet har gjennomgått saka på nytt og finn at dette ikkje er ei sak kontrollutvalet vil prioritera å gjera meir med.
2. Kontrollutvalet seier seg med dette ferdig med saka.

**PS 42/15 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.  
Bestilling av prosjektplan.****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16, lage eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
  - a. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Samnanger kommune skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015****Handsaming i møtet:**

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte kort korleis prosess med å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon vert gjennomført. Dette vil vera den viktigaste oppgåva for utvalet i valperioden, og det var semje i utvalet om at dette arbeidet må prioriterast. Saksframlegget vart gjennomgått og drøfta, og kontrollutvalet slutta seg til tilråding om gjennomføring av prosjektet og tidsplan. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16, lage eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
  - c. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Samnanger kommune skal gjennomførast.
  - d. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.

**PS 43/15 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 -  
Bestilling av prosjektplan****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16 lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
  - a. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Samnanger kommune skal gjennomførast.
  - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015**

**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet fekk kort innføring i gjennomføring av prosess med å utarbeida plan for selskapskontroll. Utvalet drøfta ut frå saksframlegget og slutta seg til forslag om måte å gjennomføra arbeidet på og tidsbruk det vert lagt opp til. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16 lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
  - c. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Samnanger kommune skal gjennomførast.
  - d. Forslag til korleis arbeidet med plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.

**PS 44/15 Referatsaker****Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015****Handsaming i møtet:**

Referatsakene vart gjennomgått og drøfta.

- Melding om politisk vedtak – Val av kontrollutval 2015 – 2019 – vart teke til orientering
- Vedtak i kommunestyret vedr. Interkommunalt barnevern - vart teke til orientering
- Vedtak i kommunestyret vedr. Rapport etter forvaltningsrevisjon om internkontroll - Rapporten skal sendast ut til kontrollutvalet nå etter møtet. Sekretariatet førebur orienteringssak til neste møte og ber rådmann kome og orientere om oppfølging.
- Rapport frå tilsyn med NAV Samnanger kommune 2015 - Kontrollutvalet ber om at det vert førebudd orienteringssak om tilsynet og korleis dette vert følgt opp av kommunen.
- Invitasjon til kurs frå KPMG – vart teke til orientering
- Invitasjon til kurs – Kontrollutvalet kva og korleis – vart teke til orientering

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at det vert førebudd orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll.
2. Utvalet ber og om at det vert førebudd orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger, og korleis pålegg vert følgt opp av kommunen.
3. Referatsakene ellers vart teke til orientering.

**PS 45/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske fora****Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet vil halda fram ordninga med å gjennomgå møteprotokollar frå andre politiske utval i sine møter. Fordeling av ansvar for gjennomgangen vart drøfta og bestemt. Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Bright Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Utval for oppvekst og omsorg	- Utvalet er lagt ned
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

**PS 46/15 Eventuelt****Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 25.11.2015****Handsaming i møtet:**

Utvalsleiar tok opp at under dette faste punktet på saklista kan medlemmane ta opp saker som dei ønsker å drøfta i utvalet – «Utvalet sitt kvarter». Fortrinnsvis bør ein melda saker på førehand, enten til utvalsleiar eller sekretariatet, dersom det er spørsmålstillingar som krev førebuing.

Det vart og teke opp at til neste møte vil kontrollutvalet at det vert førebudd orienteringssak om rutiner for å utarbeida prosjektrekneskapar i kommunen. Sekretariatet etterspør slik orienteringssak hjå rådmann.

Det vart såleis fatta slikt samrøystes vedtak:

**Vedtak:**

1. «Utvalet sitt kvarter» vert å ta opp under dette punktet i møter framover.
2. Sekretariatet førebur orienteringssak om prosjektrekneskap til neste møte